

Nytt tilbud om mammografi

(This letter contains important information about breast cancer screening. For more information in English and other languages: krefregisteret.no/en/mammography)

For ei stund sidan fekk du invitasjon til mammografi (røntgenundersøking av brysta) frå Mammografi-programmet. Nå vil vi gje deg ny sjanse til å nytte tilbodet.

I Noreg får alle kvinner i alderen 50 til 69 år automatisk tilbud om mammografiscreening kvart anna år. Formålet er å oppdage brystkreft i eit tidleg stadium, for at færre kvinner skal døy av sjukdomen.

I det fyrste brevet fekk du informasjon om undersøkinga, og eit faktaark om fordeler og ulemper ved mammografiscreening. Dette er nyttig informasjon, som du kan finne igjen på nettsidene våre.

For deg som ynskjer time: Bestill timen så snart som råd, innan fire månader.

Dersom du ikkje ynskjer invitasjonar, kan du gje oss beskjed slik at du ikkje får fleire brev. Bruk kontakinformasjonen over eller på nettsidene våre.



Du kan reservere deg mot lagring av personopplysningar ved normale funn i Mammografi-programmet. Meir informasjon om dette og om Mammografi-programmet finn du på nettsidene våre krefregisteret.no/mammografi.

Med vennleg helsing

Solveig Hofvind

Solveig Hofvind,
leiar for Mammografi-programmet

Les på neste side om Mammografi-programmet,
betaling og andre praktiske forhold.





Kva er Mammografiprogrammet, og kvifor får du dette tilbodet?

- I Noreg får alle kvinner i alderen 50 til 69 år automatisk tilbod om røntgenundersøking av brysta, såkalla mammografiscreening, kvart anna år.
- Mammografiprogrammet er eit offentleg og frivillig tilbod som vert leia av Kreftregisteret.
- Regelbunden mammografi er i dag den beste metoden vi har for å oppdage brystkreft i eit tidleg stadium, slik at færre kvinner skal døy av sjukdomen.
- Det kan òg vere nokre ulemper ved mammografiscreening, som risiko for overdiagnostikk og overbehandling.
- I det fyrste brevet fekk du informasjon som kan hjelpe deg til å finne ut om du vil nytte tilbodet. Informasjonen er lett tilgjengeleg på nettsidene våre. Du kan også få han på nytt ved å kontakte oss.



Betaling og reisekostnadar

- Pris kr.
- Beløpet er ikkje del av frikortordninga.
- Vi vil helst at du betalar med bankkort. Bankgiro er også mogleg.
- Du må sjølv dekke reisekostnadar. Mammografiundersøkinga er ikkje del av ordninga for pasientreiser.



Kor lenge kan du nytte dette tilbodet?

- Du må bestille timen innan fire månader.
- Dersom vi ikkje høyrer frå deg, vil du få ny invitasjon om to år, om du framleis er i aldersgruppa.

Ynskjer du ikkje fleire invitasjonar?

Gje beskjed til Kreftregisteret via nettsidene våre eller på tlf. 22 45 13 00 eller e-post mammografi@kreftregisteret.no.

Vi treng namn, adresse og fødselsdato, og informasjon om du vil stoppe invitasjonane i ein periode eller for alltid.

Ikkje send fødselsnummer og helseopplysningar i e-post!



Du kan få digitale brev frå oss

Opprett digital postkasse på norge.no



Følg oss gjerne på facebook

facebook.com/kreftsjekken